


Teiknforklaring

- Kjerneområde i landbruket - instilling frå rådmannen
- Endring i avgrensing av kjerneområde etter vedtak i KUN nemnda
- Andre viktige område for landbruket**
- Større samanhengande stølsmiljø - A område
- Større samanhengande stølsmiljø - B område
- Kulturmiljøområde langstøl - A område
- Kulturmiljøområde langstøl - B område
- Kulturmiljøområde langstøl - C område
- Kulturmiljø heimstøl - A område
- Kulturmiljø heimstøl - B område
- Anna heimstøl
- Grendeveg (1849)
- Grendeveg - usikker plassering (1849)
- Rideslig - bufarveg/stølsveg (1849)
- Rideslig - bufarveg/stølsveg (1849), Usikker plassering
- Vegnett i dag
- Open mark med forventa middels til høg beiteverdi
- Open mark med forventa middels til høg beiteverdi



Kjerneområde i landbruket

Instilling til kommunestyret: 24.10.2013

Bakgrunn

Kartfesting av kjerneområde for heile kommunen er prioritert tiltak (A1) i vedtatt landbruksplan.

Materiale og metode

Landbruks- og matdepartementet har utarbeida vegleiar for kjerneområde landbruk (mai 05) som er utgangspunkt for organisering og gjennomføring.

Det er utarbeida temakart for *produksjonstilhøve* og *kulturmiljø* vedtatt av KUN nemnda i sak 40/12. I same sak vart kriterium for definerig og avgrensing av kjerneområde vedtatt.

Metodikk i vegleiar for kjerneområde i landbruket er utarbeida primært for landbruksareal i bygda. Med bakgrunn i det store verdett fjellområda i Ø. Slidre har både som ressursgrunnlag og kulturmiljø er viktige areal i fjellet tatt med på kjerneområdekartet under nemninga 'andre viktige område for landbruket'. Data for fjellområda (langstøl) er i hovudsak henta frå stølsprosjektet (2003 – 2005) med oppdatering av data for drift og naturmangfald. Data for heimstølsområda er henta frå kart og andre skriftlege kjelder samt kartlegging/synfaring.

Oppdaterte arealressurskart (2011) er nytta som grunnlag for kartlegging av arealgrunnlag og produksjonstilhøve. Kartdata i













målestokk 1:5000 (AR5) og 1:50 000 (AR50) er nytta. *Grunneigedomstabellen* er nytta som utgangspunkt for oversikt og kartfesting av alle landbrukseigedomar, mens statistikk frå *produksjonstilskott i landbruket* (2011) er nytta som grunnlag for dyretal og annan produksjon. For *naturmangfald* er opplysningar frå 'Naturbase' og div. andre registerer nytta.

Amskart frå 1849 og 1906 saman med økonomisk kartverk samt enkelte synfaringar er nytta som grunnlag for kartlegging av gamle ferdselsårer. Riksantikvaren sin *kulturmiljøbase* ('Askeladden') samt kart frå laserskanning er viktig grunnlag i samband med tema arkeologisk kulturmiljø.

Ekstern referansegruppe med deltaking frå flaggla i landbruket, historielaget og Valdresmusea har take del i arbeidet. I samband med kartlegging og klassifisering av verdifulle gardstun har det vore nært samarbeide med bygningstettleiar ved Valdresmusea.

I tillegg til føreliggende kart er det utarbeida *detaljert kart for kjerneområda* med sentrale tema frå produksjonstilhøve og kulturmiljø. M.a. sner detaljert driftsstatus for alle landbrukseigedomar, jordbruksareal, dyrkjingsjord og område med stor tidsjupn.

Statistikk produksjonstilhøve



Forventa beiteverdi for open fastmark i fjellet (AR50)

- Open mark med høg-middels beiteverdi
- Open mark med middels-låg beiteverdi

